



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Ref.:M37TVU-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/6242 - 22/65820

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2022

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 445/352 Manger nedre

Tiltak: Endring av tilknytning i samband med etablering av basseng
Byggjestad: Langhøyane 37 A-B Gbnr 445/352
Tiltakshavar: Jan-Helge Lavik
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

I samband med utsleppsløyve frå Miljø og tilsyn har Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gitt melding om at tiltak medfører vesentleg endring av eksisterande vass- og avløpsforhold. Dette utløyser krav om søknad. Melding er gitt til tiltakshavar og ansvarleg søkjar i byggesaka.

I utsleppsløyve har Miljø og tilsyn lagt til grunn at overvassleidning er i forskriftsmessig stad. Da leidningsnett ikkje er lagt til sjø/heilårsbekk men ender i kommunal veg, er leidningsnett ikkje i stand til å ta i mot vatnet.

I Alver kommune er det krav om at vatn frå basseng, som skal på kommunalt nett, skal først i leidningar som gå til sjø/heilårsbekk.

Kommunale leidningar som ender i veg eller i terreng, skal ikkje nyttast.

Konklusjonen er at, sjølv om ein har fått utsleppsløyve frå Miljø og tilsyn, skal det også ligge føre løyve til påslepp frå leidningseigar (Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning). Vi har heimel til å krevje søknad i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» pkt 2.2 Søknad om endring av eksisterande tilknytning og 3.11 Ekstraordinære vassuttak/påslipp i samband med fylling/tømming av basseng. Da vi ikkje kan gje løyve til å tømme basseng på kommunal leidning, må ein her innhente nytt utsleppsløyve.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

1. Da vi ikkje tillett påslipp av bassengvatn på kommunalt nett som ikkje går til sjø/heilårsbekk, skal det ligge føre nytt utsløppsøyve frå Miljø og tilsyn for ny situasjon.

I motteke rørleggarmelding er det berre søkt om endring i vassforbruk (ihht til pkt 2.2 og 3.11 i abonnementsvilkåra). Før vi kan handsame søknaden skal det ligge føre utsløppsøyve for ny situasjon.

Vi ber om at kopi av nytt løyve (m/situasjonskart) vert sendt inn i til oss når dette ligg føre. Merk innsending med sak 22/6242.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.09.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak v/sakshandsamar
Jan-Helge Lavik
Miljø tilsyn v/sakshandsamar

Langhøyane 37a 5936

Manger

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær As

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ